



FRUKTLAGERINSPEKTØREN – Fruktprognose pr. 1. august 2016.

Gode epleavlingar i Hardanger og Ryfylke, elles noko meir varierende i resten av landet. Plommeavlinga er varierende over heile landet.

Det som i mai måned såg ut til å kunna bli eit kronår med rik bløming og godt ver, ser på landsplan ut til å bli eit middels fruktår. For moreller blir avlinga ganske god, medan det er meir svikt i plomme- og epleavlingane. For pære er avlinga liten. Det er til dels store skilnader i avlingsnivået geografisk, både regionalt og lokalt, og det er skilnader mellom sortar. Geografiske område som hadde låge epleavlingar ifjor, kjem betre ut dette året. Temperaturen i mai og juni var høgare enn normalt, medan juli har vore tilnærma normal over det meste av landet. Haustinga har difor starta relativt tidleg, men kaldt ver den siste tida forsinkar mogninga.

Morellprognose 2016.

Morellprognosen viser at avlinga kan bli 530 tonn. Bortsett frå 2014 som gav ei avling på nærmare 600 tonn, blir det i så fall den høgaste avlinga som er registrert dei siste åra. Meir søtkirsebær blir nå dyrka i tunnellar, og det gjer at avlinga blir noko sikrare ved kiftande vertilhøve.

OVERSYN FOR ÅRA 2008/2016 – MORELLER(tonn):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Moreller Norge	398	476	295	354	405	488	583	384	530
Moreller eksport	4	27	34	5					
Sum Moreller	402	503	329	359	405	488	583	384	530

Haustinga starta kring 20. juli og det er mottatt 130 tonn i juli måned. Dei to første vekene i august blir dei største i kvantum.

Morellprognose i tonn pr. veke 2016:

Moreller	Ukenummer						
	Mottatt juli	31	32	33	34	35	Sum
Tidlege sortar	7	0	0	0	0	0	7
Seine sortar	123	159	146	77	17	2	523
Sum moreller	129	159	146	77	17	2	530

Plommeprognose pr. 1. august 2016.

For plommer er avlinga ujamn. Prognosen viser at me iår kan rekne med 1 350 tonn. Det er i så fall ny rekord. Plommearealet har auka med over 30 % utan at avlinga har auka tilsvarande i seinare år. Så sjølv med ein god del svikt i avlinga, kan kvantumet bli høgare enn før.

Haustinga av Edda starta så vidt i Hardanger i byrjinga av august, men kaldt ver forsinkar mogninga. Frå ca 15. august blir det hausting av Opal frå alle distrikta. Kring månadsskiftet august/september vil kvantumet vera høgast vera på topp.

Tabellen viser prognose for plomme i 2016 i tonn pr. sort og veke:

	Ukenummer									
Plomme	32	33	34	35	36	37	38	39	40	Sum
Edda	8	13	4	1	0	0	0	0	0	21
Opal	33	117	86	43	16	1	0	0	0	296
Mallard	3	30	51	94	59	18	7	2	0	263
Reeves	2	10	26	53	51	34	16	10	7	209
Avalon	0	5	26	29	18	5	0	0	0	84
Excalibur	0	1	8	15	16	7	1	1	0	49
Victoria	4	11	15	15	46	38	1	1	1	132
Jubileum	0	1	41	54	49	41	13	4	2	205
Valor	0	0	0	2	22	17	4	5	1	51
Andre sortar	1	10	21	0	1	5	0	0	0	38
Sum plomme	46	198	278	306	278	165	43	22	10	1 346

Opal og Mallard ser ut til å verta dei 2 største sortane dette året med Reeves og Jubileum som dei neste.

Samanlikning av årets plommeprognose pr. sort med tidlegare års avling.

Tonn pr. år	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Edda	47	61	79	49	32	37	19	32	21
Opal	274	296	227	181	211	221	219	259	296
Mallard	218	187	210	228	155	254	173	181	263
Reeves	45	100	115	59	148	144	265	275	209
Avalon		10	37	61	29	51	43	97	84
Exalibur	24	23	62	117	78	116	98	53	49
Victoria	233	214	152	43	27	136	71	106	132
Jubileum	94	149	154	162	75	213	133	185	205
Valor							28		51
Uspesifisert	8	11	5	23	64	118	94	63	38
SUM	943	1053	1039	922	818	1 290	1143	1251	1 346

Pæreprognose 2016:

Prognosen viser at det går mot eit nytt svakt år for pære, der kvantumet berre så vidt vil passere 100 tonn. Gjennomsnittleg pæresalg her i landet, er på vel 50 tonn pr. dag.

	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Clara Frijs	26	39	35	54	45	49
Moltke	40	21	16	23	7	12
Philip	34	13	6	13	3	5
Ingeborg	83	86	60	44	37	37
Herzogin Elsa	6	7	3	14	8	4
Celina						1
Andre sortar	1	5	0	3	3	2
SUM PÆRER	191	170	120	250	144	108

Epleprognose 2016.

Eplekvantumet blir høgare enn middel for dei siste åra. Hardanger som hadde eit lågt avlingsnivå ifjor, får dette året ei ganske god avling. På Austlandet som hadde ganske god avling i 2015, er avlingane variable og høgst middels i år.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prog 2016
Geneva Early	150	43	75	38	42	90	88	24	31
Vista Bella	108	142	125	103	127	97	124	79	112
Julyred	356	187	309	277	202	312	312	156	174
Caroll	100	75	71	80	67	70	54	40	36
Andre tidl.sortar	83	75	81	45	31	39	33	12	18
R.Prins/Kronprins	325	345	219	173	162	131	160	100	159
Discovery	754	703	806	449	757	709	1 228	640	1 020
Katja	31	28	46	38	21	43	52	27	25
Sunrise	3	5	10	13	40	44	87	71	62
Summerred	1 674	1 428	1 160	1 019	1 412	1 234	1 590	1 055	1 362
Gravenstein	262	73	173	4	0	7	2	9	6
Gravenstein, Raud	1 410	1 397	885	677	548	809	699	476	661
Åkerø	383	263	317	169	217	172	194	149	135
Delcorf	3	7	11	20	38	20	12	15	20
Aroma	2 487	1 115	1 650	1 020	941	1 291	1 108	857	1 047
Aroma, Raud	1 307	973	1 319	921	977	1 451	1 592	1 165	1 892
Lobo	226	134	113	89	65	85	73	40	36
I.Marie/K.Schn.	215	121	121	54	92	67	122	47	83
Elstar	50	34	38	18	44	23	85	19	74
Rubinstep	0	0	0	0	0	10	84	134	237
Uspesifiserte sortar	63	54	56	48	127	50	42	38	15
SUM EPLE, kl 1	9 988	7 202	7 585	5 254	5 910	6 753	7 740	5 205	7 203
Leverert konsum	9 111	6 851	7 028	5 254	5 881	6 595	7 580	5 153	

Det er mindre av tidleg epla Geneva Early og Julyred enn normalt. Dei sortane blir i hovudsak dyrka på Austlandet. Derimot er det normal avling med Vista Bella som blir dyrka på Vestlandet. Men totalt blir det lite eple før Discovery og Summerred kjem på marknaden. Både Discovery og Summerred kjem ut med ganske god avling. Og for Raud Aroma kan det bli rekord avling for dei seinare åra.

Prognose pr. 1 august 2016 – Økofrukt/tonn).

Tabellen nedanfor viser prognosen for 2016 samanlikna med mottaket frå 2008 til 2015(kvantum i tonn):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Plomme	7	5	13	15	11	12	31	17	37
Eple	21	23	43	44	67	108	118	48	105

Prognose økoeple 1. august 2016 – tonn pr. sort:

Discovery	Katja	Aroma	Raud Aroma	Sum
19	6	11	69	105

Øko plomme pr sort 1. august 2016

Sort	Ukenummer						Sum
	32	33	34	35	36	37	
Opal	1	3	4	1	0	0	9
Mallard	0	1	4	4	1	0	10
Reeves	0	1	2	3	2	0	8
Avalon	0	0	0	1	0	0	1
Excalibur	0	0	0	2	0	0	2
Victoria	0	0	2	2	0	0	4
Jubileum	0	0	0	0	1	2	3
Sum plomme	1	5	12	13	4	2	37

Stavanger 2. august 2016

Bjørn Eidhammer